

E-BOKKONTRAKT FOR SKJØNNLITTERATUR (VAKSEN)

mellom

Forfatteren

og

Forlaget

for:

Verket

1. Føresetnaden for denne avtalen er at partane har inngått Normalkontrakt for skjønnlitteratur. Denne avtalen skal ein forstå og tolke i lys av Normalkontrakten i den versjonen som er/vart inngått mellom forfattar og forlag for førstegongs utgiving av Verket.
2. Forlaget har einerett til denne e-bokutgivinga inntil avtalen går ut eller avtalen blir oppsagd. Med «e-bok» meiner vi eit litterært verk utgitt som digital tekst for digital omsetning.
3. Verket skal ikkje endrast utan samtykke frå Forfatteren, men Forlaget må ha høve til å gjere dei korrektursettingane og dei tekniske og formatmessige tilpassingane som er nødvendige for elektronisk sal og distribusjon.
4. Dersom e-boka skal givast ut som berika bok, dvs. at den opphavlege teksten blir gitt ut med tillegg av val, funksjonar og materiale som den tidlegare tekstversjon ikkje har («e-bok med tilleggsmateriale»), skal det skje i samarbeid med Forfatteren.

E-bok som blir utgitt utan at det samtidig eller tidlegare er gitt ut papirbok, er ikkje omfatta av denne avtalen. Det same gjeld multimedieproduksjonar der det litterære verket blir gjort tilgjengeleg for allmenta i endra, gjennomarbeidd eller omsett versjon, eller i ein annan litteratur- eller kunststart eller i ein annan teknikk som ikkje er omfatta av eksisterande avtalar mellom Den norske Forfatterforening og ein organisasjon på utgivar- eller produsentsida.

- a) Dersom Verket alt er utgitt som papirbok når e-bokavtalen blir inngått, fell e-bokavtalen automatisk bort dersom Verket ikkje er i sal som e-bok innan seks månader etter at denne avtalen er signert av begge partar.
- b) Dersom Verket ikkje er utgitt i noko format når partane signerer denne e-bokavtalen, fell avtalen automatisk bort 18 månader etter at manuskriptet er levert.

- c) Dersom Verket blir gitt ut første gong som papirbok innan 18 månader etter at denne avtalen er signert av begge partar, må Verket givast ut som e-bok seinast seks månader etter papirbokutgivinga.
5. Dersom Forfattaren har ønske om tekniske tryggingssystem eller elektronisk informasjon om rettar, må Forfattaren informere Forlaget seinast når partane gjer avtale om e-bokutgiving. Dersom det er usemje om dette, er det opp til Forlaget om det aksepterer ønska til Forfattaren, eller om Forlaget heller vil vente med ei slik utgiving.
6. Royaltyføresegner

Royaltysats

Forfattaren har krav på 28 prosent royalty for dei første 799 selde/strøymde e-bøkene, deretter 30 prosent per selde/strøymde e-bok.

Royaltygrunnlag

I fastprisperioden er royaltygrunnlaget fastprisen fråtrekt eventuell meirverdiavgift.

I friprisperioden er royaltygrunnlaget forlaget si nettoinntekt per selde/strøymde e-bok fråtrekt eventuell meirverdiavgift.

Sal av e-bok for nedlasting og strøyming tel likt, og begge sal skal teljast med for å nå neste royaltytrinn. Talet på selde/strøymde e-bøker i friprisperioden skal byggje vidare på talet på selde/strøymde i fastprisperioden.

Minsteroyalty

Minste royalty-utbetaling i friprisperioden er kr 15,00 pr. sal (gjeld både nedlasting og enkeltstrøyming) dersom ikkje anna er uttrykkeleg avtala med forfattaren.

Forskot

1. Forskot for *samtidig* e-bokutgiving, forstått som e-bøker som kjem ut i same år som papirutgåva, skal tilsvare 5 prosent av forskotsbeløpet for papirutgivinga utrekna ifølgje Normalkontrakten.
2. For førstegongs e-utgivingar av verk som tidlegare berre har vore utgitt på papir, og der fastprisperioden er ute, gjeld desse forskotsreglane:
 - a) For *nyare backlistutgivingar*, forstått som bøker som er utkomne første gong i løpet av dei siste ti åra, skal det betalast eit forskotsbeløp på minimum 2 500 kroner.
 - b) For *eldre backlistutgivingar*, forstått som bøker som kom ut første gong for mellom 10 og 25 år sidan, skal det betalast eit forskotsbeløp på minimum 1 000 kroner.
 - c) For *utgivingar frå forlagskatalogen*, forstått som bøker som kom ut første gong for meir enn 25 år sidan, blir det ikkje betalt forskot.

Ny kontrakt på tidlegare utgitt e-bok utløyser ikkje forskot.

7. Forfattaren har krav på fem – 5 – gratis nedlastingar av Verket som e-bok, eller strøyming til fem – 5 – ulike plattformer.

8. Maksimums gratislesing som «smakebit»: Forlaget kan maksimalt tilby gratis lesing av 10 prosent samanhengande av boka. Om ikkje anna er særskilt avtala, skal dette gratisutvalet vere frå starten av boka.
9. Forfattaren har krav på salsoppgåver som viser korleis royalty pr. tittel og format er rekna ut.
10. Avtalen omfattar ikkje distribusjon som inneber at e-boka blir tilbydd som ein del av ei abonnementssteneste, ein bokklubb eller tilsvarande.
11. Denne avtalen varer like lenge som Normalkontrakten han høyrer saman med. Ved misleghald (som forfallen, manglande royaltyutbetaling) som ikkje blir utbeta, kan avtalen seiast opp med to månaders skriftleg oppseiing.

Stad, dato:

Forlaget

Forfattaren